







<p>Skjermen viser:</p>	<p>I timen:</p>
	<p>Introduser temaet for timen og sjå Mangfald og følelsar (youtube.com)</p>
	<p>Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:</p> <p>I filmen såg vi at vi er ulike også med kor enkelt vi synes det er å sitte lenge stille i klasserommet</p>
	<p>Nokon gongar er det nesten umogleg for enkelte å sitte stille, og då kan det nesten bli slik. Kva lure ting kan elevar gjere i denne klassa når ein treng å røre litt på seg i timen skal tru? Det bør vere ting som ikkje forstyrrar dei andre elevane, men som likevel gir aktivitet for den som treng det.</p>
	<p>Vi er også ulike med korleis vi reagerer på lydar og aktivitet rundt oss. Ho her ser ut som ho synes det er heilt topp med mykje som skjer rundt seg. Er det mange her som likar seg godt når det er mykje som skjer rundt deg?</p>
	<p>Men ho her har det ikkje like bra med så mykje støy rundt seg. Mange har det slik. Då fangar hjernen opp alle inntrykk heile tida, og det kan gjere det vanskeleg å konsentrere seg om det ein vil eller skal. Kva treng ho for å kunne ha det bra i klasserommet trur du?</p>
	<p>Mange elevar er litt usikre, sensitive eller slit med å sitte stille. Då kan skulekvardagen av og til vere vanskeleg. Dei elevane som har det slik er gjerne minst like smarte og flinke som dei som er trygge, tøffe, toler masse bråk og lett klarer å sitte lenge stille. Men det kan vere vanskeleg å få vise at ein er det, når det er utrygt, bråkete eller kjedeleg.</p> <p>- Korleis kan vi gjere skulekvardagen slik at den passar for alle skal tru?</p>

Aktivitet: dette passar godt for meg

Be elevane stille seg på ei rekke midt i rommet (eller på gangen om der er betre plass). Lærer les opp påstandane og eleven går enten til høgre eller venstre, dit lærar peikar for alternativa. Spør innimellom nokre av elevane kvifor dei gjekk til denne sida, men ver klok i valet av kven du spør om kva. Etter kvar påstand går elevane tilbake til midten. Få fram at begge sider er like bra, men at vi er ulike og derfor går vi til ulike sider.

Øv først ved å la elevane velje coca cola eller pepsi cola for å vise kva dei skal gjere.

Likar godt å jobbe aleine – likar godt å jobbe i gruppe
Vil gjerne sove lenge – vil gjerne sove lite
Likar å ete frukost før skolen – vanskeleg å få i seg mat så tidleg på morgonen
Likar godt å leike ute – likar godt å leike inne
Lærer mest av at lærar fortel – lærer mest av å få finne informasjon i bøker eller på nett
Kan konsentrere meg sjølv om andre lagar lydar – konsentrerer meg best når det er heilt stille
Likar å høyre på musikk mens eg jobbar med fag – klarer ikkje jobbe med fag mens eg høyrer musikk
Eg likar når det er varmt i rommet – eg likar å ha det kaldt i rommet
Eg likar godt å lese – eg likar godt å sjå film
Eg lærer best når eg er i aktivitet – eg lærer best når eg sit stille
Eg likar å skrive på papir – eg likar å skrive på data



Sjå ein av desse:

- ein episode av «Sånn er jeg og sånn er det». Vel gjerne ei episode som er relevant for elevar i klassen, men avtal med dei på førehand og sjekk om det er greitt for dei at ein ser denne episoden. [NRK TV – Sånn er jeg, og sånn er det – Sesong 4](#)
- [Utrolige ting kan skje! - YouTube](#) som viser at vi alle er forskjellige, og at vi også kan vere forskjellige med korleis vi opplever verden. Filmen handlar om autisme.



Bruk spørsmålet som utgangspunkt til at elevane kan jobbe individuelt, i gruppe eller klasse. Prøv å kome fram til konkrete ting som kan gjere det lettare for ulike elevar i klassa å jobbe og konsentrere seg. Kanskje gjer de allereie mykje som er hjulpsamt?



Avslutt med å sjå filmen: [Being Different is Beautiful by LittleSikhs.com \(Diversity Video for Children, Kids, & Schools\) - YouTube](#) eller rett og slett denne lille gladsangen om å vere seg sjølv og danse litt for å bli glad : [Meghan Trainor - Better When I'm Dancin' | One Voice Children's Choir - YouTube](#)



I løpet av timen kan de gjerne og ha litt Frosketid: [Pust med naturen \(s-pust\) - YouTube](#)